

## Ordføraren sitt hjørna – desember 2015



Hemsedal har eit stort og veksande reiseliv, og me har veldrivne gardar og stor mjølkeproduksjon. Skibygd Hemsedal med eit stort skisenter er det biletet dei fleste ser for seg når dei høyrer namnet Hemsedal. Eg vil no skrive litt om kulturkommunen Hemsedal. Det er andre kommunar som har fått det namnet sett på seg, men eg trur me kan forsvara ein slik kulturstatus på ein god måte.

Hemsedalskoret har på kort tid vorte eit begrep. Det er eit ungt kor, og med veldig god kvalitet. Hanne Krogh med 3 tenorar og Hemsedalskoret har opptredd saman i 3 år, med stor konsert i kyrkja vår og andre stader. Det er samklang og samarbeid med store og landskjente artistar, og koret er anerkjent som ein god og verdig medartist. No i haust er det samspelet med Stein Torleif Bjella som har lyfta koret endå eit steg. Det var ei flott førestilling eg var til stades ved i Kulturkyrkja på Geilo for nokre dagar sidan. Det var moro å vera hemsedøl, eg kosa meg og var stolt.

Bakom dei fleste kulturtiltak står det ei eldskjel. Tori Snerte er ein slik person. Ho er drivkrafta for Hemsedalskoret, ei av eldskjelene i kulturskulen som tryllar fram artige førestillingar rett som det er. No i november var Aladdin eit godt eksempel på det. Tori er ikkje tung å be, men oftast er det ikkje nødvendig å be ho om noko. Ho finn på veldig mykje sjølv, og evnar å få med seg andre til å få gjort ideen til noko konkret. Det var derfor veldig fortent at Tori fekk tildelt Trygve Hoff sin Minnepris i samband med Bjellakonserten. Det er mange landskjente namn som har fått denne prisen tidlegare, så Tori er i godt selskap. Trygve Hoff sin minnepris heng høgt. Gratulerer så mykje, dette var vel fortent.

Kulturkommunen Hemsedal har stor breidde. Det er mange som brukar mykje av fritida si på å glede oss andre. Har hug til å nemne nokre slike tiltak. Kva ville 17. mai ha vore utan hornmusikken, og tenk på kor mykje glede Hemsedal Trekkspelklubb skapar når dei spelar på Bygdaheimen og andre plassar. Frivilligsentralen med alle sin medarbeidarar som er der for andre eldre som treng hjelp, og dei mange fine møtestader som blir skapt. Ein møteplass der ein kan vera i lag med andre er ofte god medisin for både kropp og sjel, og det er mange eldsjeler som som gjer dette mogleg. Det er heller ingen godt lønna kinosjef som gjer oss kinotilbodet i den nyoppussa kultursalen vår. Kinodrifta er frivillig dugnadsarbeid som så mykje anna.

Kultursalen vår, nyoppussa og fin, stod ferdig sist på sommaren. Den vart då tatt i bruk til kino, øvingsrom for kulturskulen og diverse framsyningar utan nokon offisiell opning med dunder og brak. Det burde det kanskje ha vore, for det er ei fin storstugu kommunen har fått til i den gamle «samfunnshussalen». Den står fram på ein heilt annan måte enn før med moderne anlegg for lyd og lys, og heilt nytt teleskopamfi med plass til 194 personar i gode seter. Her kjem me til å ha glede av aktive kulturpersonar i tida framover. Kulturskulen kan no blomstre vidare. Det heiter om kulturarbeidet at det er der «me let dei tusen blommar bløme». Det synes eg så absolutt er tilfelle i Hemsedal.

Idretten er også ein del av kulturbegrepet. Eg vil minne om det som eldsjeler og stor dugnadsinnsats har fått til dei siste åra. Gravset med lysløyper, snøkanonanlegg, Gravsetstugu og stor parkeringsplass med bom som gjer store inntekter som går til løypekøyning i heile bygda. Siste året er det laga til rullaskiløype med lys i Totteskogen. Her manglar berre asfalt, så er den ferdig. Det er tippemidlar og tilskot som er den økonomiske delen av dette, men det er dugnadsinnsatsen som har gjort alt dette mogleg. Alpingruppa legg også ned ein stor innsats i å arrangere større og mindre renn som set Hemsedal på kartet.

Eg vil få takke alle som står på både seint og tidleg!

Me er i alle fall dugnadskommunen Hemsedal!

Med ynskje om ei god og fredfull jul!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører